

# Handlingsplan skuleåret 2020-2021 Ulstein vgs

Handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i *Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal for perioden 2020-2024*, og prioriteringar i skulen sin oppdragsavtale.

## Utviklingsområde og utviklingsmål

Skulen vil skuleåret 2020-2021 arbeide med følgende prioriterte utviklingsområde og utviklingsmål:

### Læringsmiljø

Digital kompetanse:

det skal arbeidast for å auke digital kompetanse og dømmekraft på ein systematisk og målretta måte for å møte endringane i samfunn og arbeidsliv.

Elevdemokrati og elevmedverknad:

det skal arbeidast med at elevane vert lytta til og har reell innflytelse i skulekvardagen

Prioriterte område og resultatmål:

Digital kompetanse:

Digital kompetanseheving gjennom opplæring i bruk av Teams og OneNote. Det gjeld både elevar og tilsette.

IOP-skya skal nyttast meir aktivt.

Elevdemokrati og elevmedverknad:

Faste møte mellom elevrådet og leiinga og opplæring av elevrådet tidleg i skuleåret.

Tiltak:

Digital kompetanse:

- Opplæring innan Teams og OneNote for elevane ved skulestart.
- For personalet skal det settast ei meir felles retning i bruken av Teams/OneNote:
- alle tavlenotat bør lagrast i OneNote, enten ved bruk av digital tavle/PC eller foto
- meir samkøyring av bruken av OneNote
- Bruke IOP-skya som verktøy, i samband med klasseteammøta og tilretteleggingstiltak for einskilde elevar.

Elevdemokrati og elevmedverknad:

- Møte annakvar månad mellom elevrådet og rektor og ass.rektor og annakvar månad møte i skulemiljøutvalet
- Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid

## Læringsresultat

Resultatmål:

Arbeid med læring:

det skal arbeidast systematisk med tilpassa opplæring for alle, skule- og læringsmiljøet, læreplanverket, klasseleiing, vurderingspraksis og grunnleggande ferdigheiter for alle elevar og lærlingar

- Aktiv bruk av eigenvurdering.
- Gode strategiar for tilbakemelding.
- Gode relasjonar mellom elevar og tilsette, høg grad av trivsel.
- Vere tydelege vaksne og klasseleiarar

#### Overgongar:

det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar både når det gjeld overgongar frå ungdomsskule til vidaregåande skule, frå vidaregåande skule til opplæring i bedrift og til høgare utdanning.

#### Region og arbeidsliv:

Det skal saman med lokalt og regionalt arbeidsliv arbeidast for å skape fleire lære- og opplæringsplassar. Formidlingsarbeid skal stå særleg i fokus.

#### Tiltak:

##### Arbeid med læring:

- Tydeleg klasseleiing og felles regelhandtering
- Vidareføre dei faste møta mellom elevrådsstyret og skulen si leiing
- Innsatsteam mot mobbing – opplæring for personalet i oktober 2020
- Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

#### Region og arbeidsliv:

- Vi skal ha fokus på utplassering og læreplassar gjennom YFF

## **Gjennomføring**

#### Gjennomføring:

hovudmålsettinga er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring med greidd resultat etter 5 års opplæring skal aukast til 79% ved utgangen av planperioden.

#### Gjennomføring og psykisk helse:

Skulen har ei god skulehelseteneste og vi må jobbe for å halde fram med det gode samarbeidet med Ulstein kommune

#### Resultatmål:

- Målet er >90% fullført og bestått for skulen sine elevar samla.
- Når det gjeld påbygg har vi eit mål på >83% fullført og bestått.
- God skulehelseteneste

#### Tiltak:

- Aktiv bruk av rutinen [tiltak når elevar står i fare for å få karakter 1 og IV](#)
- Jobbe for at det gode tilbodet skulen har innan skulehelsetenesta held fram
- Jobbe for å ha godt kvalifiserte lærarar, god fag- og relasjonskompetanse

## **Leiing og profesjonsutvikling**

Det skal arbeidast med vidareutvikling av pedagogisk leiing og profesjonsfellesskap som fremjar delings- og læringskultur med elevanes læring og utvikling i fokus.

## Resultatmål:

- Vi skal ha fokus på Profesjonsfellesskapet og skuleutvikling i arbeidet med fagfornyninga gjennom heile året
- Relasjonskompetanse skal haldast høgt.
- Internopplæring skal nyttast som system

## Tiltak:

- Fagfornyninga og blokklegging av timeplanen vil bli dei prioriterte områda skuleåret 20-21
- Nytt kompetanseomgrep
- Vurdering i lys av fagfornyninga. Forskrifta til Opplæringslova kap. 3 er endra.